

## Årsmelding 1987.

Me starta med årsmøtet 31. jan hjå Laila. 40 medl. var til stades. Vanlege årsmøtesaker vart handsama, og i tillegg nokre referat-saker. Etter møtet kom det fleire feststemde medl. og me var ca 80 stke som kunne nyte Laila's gode mat. Etterpå svinga me oss til god musikk av Arve og Wina's.

Frå nyttår og til sumaren hadde me speløving og dansekveldar annarlevar fredag i Samfunnshuset. Dansekveldane samla bra med folke. "Lustra-treffet" var i Gaupne i mars og på Skjolden i juni, me deltok både stadar med danse-speling og det vart litt pengar i kassa.

Fylkeskappleiken var på Skei i Fjølster 21 og 22 mars. Me deltok i dans og rolo-spel. Anne Kristin og Morten tevla for fyrste gang og vann sin klasse. Flott gjort. Felejentene stilte opp i Ungdomens kultur-mønstring i Gaupne i mars, og vart ein av dei "tre" deltakarane som fekk representere kommunen under fylkes-mønstringa i Florø, 25. april.

Palme-søndag hadde me fest i samfunnshuset saman med Indre Hafslo spelemannslag, som synte revyen sin. ~~Det~~ laget delte på speling og me sytte for det praktiske ved arrangementet. Svært mykje folke og ca 8000 i ~~koar~~ kasse.

Landskappleiken var i Soandal. Etter planen skulle me stilte opp i lagspel i tillegg til dans og enkelt spel, men p.g.a. Amerikaturen og sjukdom vart det for få felespelarar att, så Ebe-Marie, Reidun og Harald stilte opp i gruppe-spel. Elles gjorde Kristin det svært godt

i yngste klasse ved ein ~~4. plass~~ <sup>premie</sup> med heile og beste vestlandsdansar i sin klasse. Morten og Anne tok ein fin 2. premie. Dei andre deltakarane gjorde og ein god jobb.

I tillegg til tevlingane var laget i aksjon saman med Sogn spelemannslag til danse-speling på hotellet, ~~torsdagskvelden~~. NRK-P2 hadde natt sending med innslag frå hotellet. Sigrunn, Lars, Ebe-Marie, Reidun og Harald deltok og på "Sognskvelden" om laurdagen. Reidun og Ebe-Marie ville syne sognfolene at det var kappleik i lygda og stitte seg opp i Fjora og spette (Det var svært få som var i aksjon i gatene, så dei vart ført oppdaga av NRK sitt TV-team, så me fekk eit lite glimt av dei i kappleiks-programet i TV. Aud, Siv, Forunn og Arne fekk ikkje vere med på landskappleiken, ~~men~~ fordi dei drog til Amerika til Sogne fjord-laget. Men dei hadde ein fin tur der med mange opplevingar. Turen vart vel dramatisk for Aud på slutten som var så uheldig å verta sjuk.

Vestlandskappleiken var på Nordfjordveid og nokre av dansarane deltok. Einar var med som domar i spel.

Marknadshelg arrangerte me saman med ungdomslagi og Jonas. Dette var eit stort og bra arrangement.

Me har hatt to kurs i springar og gamal dans, eit på våren og eit no i haust/vinter. Sigrun og Lars har vore lærarar og ungane har vore svært ivrige. I haust hadde me ikkje spel og danseøvingar. Håpar det kan verta betre att utover våren.

Nokre av dansarane og Riidun og Else-Marie var og til Gaupne for å undarholde på ein fest der. Men det kom ikkje folk så dei reiste heim med uforretta salt. Moro!!

Dansarar og to av fellespelarane var og med i ein reklame-video, der dei spela og dansa på Fåbergstolen.

Me var på Eikum i obisberinnert av Sogn spelemannslag for å delta i deira's kapplekfest. Spelermennene <sup>og jenter</sup> var med på danse-spelingi.

Elles har me og så i år vore på 17 mai-hilsing, og andre arrangement.

Laget har kjøpt 1 aksje i "Kultursalen 14/5" i Gaupne.

Laget har representant i Sogn og Fjordane folkemusikk-lag ved at liaren er

Harald Høyvoll var utending til årsmøtet i d.F.S.

i Askvoll. Kåre F. skulle og ha vore med men måtte melde forfall.

Kåre Fossøy deltok på formannsmøtet på Vestlandskapp-

Daerun møtte frå laget til d.F.S. sitt årsmøte på Røros.

Laget har hatt 65 medl. i 1987.

Anne Aasen Haugen er velt inn i styret for "Kultursalen" <sup>AK</sup>

Kåre Fossøy. Daerun Høyvoll.

Else-Marie Haugen

### Arbeidsplan.

Ein må prøve å få til øvingar i spel, sjølv om deltakinga er liten no. Danseløveane må ein og prøve å få til 1 gong for mndi. Den første samba mellom 50-60 deltakarar, så det såg lovande ut.

Det fyrste som står på plakaten er "Industratreffen" som det er vår tur å skipe til. Det skjer allereie neste laurdag den 12. mars.

Fylkeskappleiken er i Breim. Landsfestivalen på Vinstra og landskappleiken i Be. Vestlandskappleiken er i Hordanger. så det er nok å øve til dersom ein skal stille opp. Elles er det interesse for "folklore" i bygdi, det skulle ein vel og prøvt å vore med på.

Til neste år er det Sogn som står for tur med fylkeskappleiken. Me kan ha ein sjanse til å få den, skal me ta den? Laget har 35 års-jubileum då, og det er 10 år sidan me starta opp att. drifta, så det kunne vel ha vore artig å feira det med ein kapplek.